



## **Sogn og Fjordane fylkeskommune** Kontroll av møtebøker frå 2018

Mai 2019

«Kontroll av møtebøker frå 2018»

Mai 2019

Rapporten er utarbeidd for Sogn og  
Fjordane fylkeskommune av  
Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen,  
5892 Bergen  
tlf: 55 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)  
forvaltningsrevisjon@deloitte.no

# Innhald

1. Innleiing	5
2. Vurdering av utvalde vedtak	6
3. Konklusjon	13
Vedlegg 1 : Høyringsuttale	14

# Detaljert innholdsliste

1.	Innleiing	5
1.1	Bakgrunn	5
1.2	Føremål	5
1.3	Revisjonskriterium	5
1.4	Metode	5
2.	Vurdering av utvalde vedtak	6
3.	Konklusjon	13
	Vedlegg 1 : Høyringsuttale	14

# 1. Innleiing

## 1.1 Bakgrunn

Deloitte har med utgangspunkt i bestilling frå kontrollutvalet i sak 2/19 11.02.2019, gjennomført stikkprøvekontroll (desisjon) av møtebøkene for fylkesutvalet og dei tre hovudutvala i Sogn og Fjordane fylkeskommune.

## 1.2 Føremål

Føremålet med prosjektet har vore å gjennomføre ein stikkprøvekontroll av møtebøker og saker som er protokollert i perioden 1.1.2018 - 31.12.2018 med sikte på å få gjennomført ein kontroll av

- *om vedtaket i den enkelte sak er gjort av eit organ med fullmakt til å gjere slikt vedtak*
- *om vedtaket er i samsvar med norsk lov, og eventuelle andre relevante regelverk*
- *om vedtaket er i samsvar med budsjettvedtak, føremål og om det er innanfor rammene av vedtak i fylkestinget*

## 1.3 Revisjonskriterium

Innsamla data har blitt vurdert opp mot aktuelt lov og regelverk, delegerings- og innstillingsreglement<sup>1</sup>, reglement for dei ulike utvala , budsjettreglement<sup>2</sup>- og vedtak og rammene av vedtak i fylkestinget.

## 1.4 Metode

Revisjonen har gjennomført stikkprøver og sett nærare på 12 vedtak fatta i fylkesutvalet og dei tre hovudutvala. Mange av vedtaka er tilrådingar til andre utval eller til fylkestinget. I denne stikkprøvekontrollen har Deloitte ikkje vurdert slike vedtak, men berre saker der det er fatta endeleg vedtak i dei serskilde utvala. I utvalet av saker har Deloitte lagt vekt på å kontrollere ulike sakstypar.

Utkast til notat er sendt til fylkesrådmannen for uttale før oversending til kontrollutvalet. Uttalen går fram av vedlegg 1 til rapporten.

---

<sup>1</sup> <https://img4.custompublish.com/getfile.php/3661460.2344.gjbatlbwzjpms/Delegering.pdf?return=www.sfj.no>

<sup>2</sup> <https://img4.custompublish.com/getfile.php/4027271.2344.zunblsrsa77mwt/Budsjett+2018+%C3%98konomiplan+2018-2021.pdf?return=www.sfj.no>

## 2. Vurdering av utvalde vedtak

Fylkesutvalet	Vedtak	Vurdering
<b>Sak 115/18</b> <b>Fv 607</b> <b>Brensdalstunnelen</b> <b>- søknad om fråvik</b> <b>til lyssetting</b>  <a href="https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr115_2018-cat344489-mid108516_8c69381e26.18148744d18148744.65c86a4470.pdf">https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr115_2018-cat344489-mid108516_8c69381e26.18148744d18148744.65c86a4470.pdf</a>	Det vert gjeve fråvik frå krav til lyssetting i fv. 607 Brensdalstunnelen.	Vedtaket er i samsvar med delegerings- og innstillingsreglementet punkt 3.9 der det står at «Fylkeskommunen sitt mynde til å fråvike krav til vegnormalar etter § 13, jf. § 3, nr. 4, i forskrift om anlegg av offentleg veg, er delegert til fylkesutvalet når det gjeld «skal-krav»»
<b>Sak 78/18</b> <b>Skaldegard - ny</b> <b>handsaming</b>  <a href="https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr78_2018-cat344489-mid118041_d4b1e5d617.18105155d18105155.dc75ffed7d.pdf">https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr78_2018-cat344489-mid118041_d4b1e5d617.18105155d18105155.dc75ffed7d.pdf</a>	<ol style="list-style-type: none"><li>1. Skaldegard AS får mellombels løyvefritak for persontransport fram til 30. april 2019. Fylkesutvalet (FU) legg til grunn at det vert vedteke prinsipp knytt til løyvefritak før 1.april 2019, jf. FU sitt vedtak i sak 29/18.</li><li>2. Det mellombelse løyvefritaket gjeld for ei vogn som skal vere uniformert med selskapslogo. Fylkeskommunen skal til ei kvar tid vere underretta om kva motorvogn (reg.nr) som vert nytta.</li><li>3. Det mellombelse løyvefritaket gjeld for personreiser innanfor Aurland kommune og gjeld reiser til og frå aktivitetar i Skjerdal i regi av Skaldegard AS.</li></ol>	<p>Fylkesutvalet har mynde til å fatte vedtak i saka etter delegering- og innstillingsreglementet punkt 3.25, underpunkt 1 der det går fram at fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd etter eventuell delegert mynde frå departementet etter § 15 i yrkestransportlova.</p> <p>Departementet har i Rundskriv N-8/2017 –gitt fylkeskommunen mynde til å gi mellombels fritak frå kravet om løyve i samband med Inn på tunet verksemd. I rundskrivet står det mellom anna at «Fritak gis for tre år av gangen». I denne saka er det vedteke løyvefritak for ein kortare periode. Dette er i saksutgreiinga grunngeve med at det viktig å ikkje svekkje grunnlaget for små reiselivsbedrifter som er avhengig av ein fleksibel transport som ein integrert del av reiselivsproduktet sitt. Løyvevedtaket skal gjelde for ein avgrensa periode fram til klagesaka til Skaldegard AS er handsama i Samferdsledepartementet (handsamer klage</p>

Fylkesutvalet	Vedtak	Vurdering
	<p>4. Generelle krav iht. gjeldande regelverk må verte stetta. Løyvefritaket vil kunne trekkast tilbake med umiddelbar verknad dersom desse krava ikkje vert ivaretekne.</p> <p>5. Dersom Skaldegard AS ikkje får medhald i klagen sin, vil dei kunne nytte det mellombelse løyvet fram til 1. april 2019, dvs. fram til fylkeskommunen har gjort vedtak om sin prinsipielle politikk på området.</p>	<p>på avslag om løyvefritak fatta av fylkesutvalet) , samt at prinsippsak om løyvefritak er på plass, dvs. vedteke i fylkesutvalet. Fylkesutvalet vedtok 4.4.18 i sak 28/18: «Det er viktig å sikre marknadsgrunnlag for eit framtidig godt, fleksibelt og rasjonelt drosjetilbod 24 timar i døgeret året rundt. Før nye løyvefritaksaker vert lagt fram, ynskjer difor fylkesutvalet at det vert utarbeidd ei prinsippsak. Denne saka skal vurdere konsekvensane av eventuelle løyvefritak til småskala turistverksemder og inn på tunet - ordninga opp mot svekka drosjetilbod»</p> <p>Det er revisjonen si vurdering at rundskriv N-8/2017 ikkje er til hinder for å fatte eit tidsavgrensa vedtak som er kortare enn tre år, i påvente av betre informasjonsgrunnlag både frå departementet gjennom handsaminga av klagesaka og i form av framlagt sak frå fylkesrådmannen.</p>
<p><b>Sak 92/18</b></p> <p><b>Reviderte vedtekter for Fagskulen i Sogn og Fjordane</b></p> <p><a href="https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr92_2018-cat344489-mid108514_3b437772bc.18133557d18133557.fe997c198c.pdf">https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr92_2018-cat344489-mid108514_3b437772bc.18133557d18133557.fe997c198c.pdf</a></p>	<p>Fylkesutvalet vedtek reviderte vedtekter for Fagskulen i Sogn og Fjordane slik dei går fram av vedlegg 1.</p>	<p>Vedtaket er i samsvar med vedtak i fylkestinget i sak 52/14 der fylkesutvalet fekk delegert mynde til å gjere endringar i vedtektene for Fagskulen i Sogn og Fjordane. (<a href="https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr52_2014-cat359038-mid83253_ac07abe553.14102548d14102548.d57a2a51d0.pdf">https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr52_2014-cat359038-mid83253_ac07abe553.14102548d14102548.d57a2a51d0.pdf</a>)</p>

Hovudutval for næring og kultur	Vedtak	Vurdering
<p><b>Sak 7/18</b></p> <p><b>Fylkeskommunalt tilskot 2018 - Førdefestivalen og Norsk Countrytreff</b></p> <p><a href="https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr7_2018-cat344489-mid108532_a0a3c0f29c.18021445d18021445.fa6fa680e6.pdf">https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr7_2018-cat344489-mid108532_a0a3c0f29c.18021445d18021445.fa6fa680e6.pdf</a></p>	<p>1 Førdefestivalen får eit tilskot for 2018 på 3,150 mill. kr.</p> <p>2 Norsk Countrytreff får eit tilskot for 2018 på 0,715 mill. kr.</p> <p>3 Fylkeskommunen forventar at vertskommunane held oppe sitt tilskot tilsvarande 10 % av samla offentleg tilskot.</p> <p>4 Budsjettdækning teneste 7720 Kunstproduksjon.</p>	<p>Vedtaket er i samsvar med budsjettreglementet punkt 2.5.6 der det står at hovudutvalet HNK får, innan dei rammer og føringar som ligg i budsjettet, fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av tilskot til organisasjonar med vidare.</p>
<p><b>Sak 5/18</b></p> <p><b>Avtale destinasjonsselskapa 2018 – 2019</b></p> <p><a href="https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr5_2018-cat344489-mid108532_a0a3c0f29c.18021442d18021442.8148b5ba5e.pdf">https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr5_2018-cat344489-mid108532_a0a3c0f29c.18021442d18021442.8148b5ba5e.pdf</a></p>	<p>Avtala mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og destinasjonsselskapa vert godkjent slik den ligg føre.</p>	<p>Vedtaket er i samsvar med fylkestinget sitt vedtak i sak 59/17 som er vedtak av driftsbudsjettet for 2018.</p> <p>I budsjettdokumentet for 2018 står det på side 72(driftsbudsjettet): «Fylkeskommunen har avtale med destinasjonsselskapa i fylket, og avtalen gjeld ut 2017. Vi legg til grunn at det vert utarbeidd ein ny avtale for åra 2018 og 2019, og at hovudutvalet for næring og kultur får fullmakt til å godkjenne denne avtalen innanfor gjeldande rammer.»</p>



Hovudutval for næring og kultur	Vedtak	Vurdering
<p><b>Sak 40/18</b></p> <p><b>Gulen og Masfjord Utvikling AS – styremedlem</b></p> <p><a href="https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr40_2018-cat344489-mid108535_ad7ca99e26.18084873d18084873.d13b1fe2e5.pdf">https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr40_2018-cat344489-mid108535_ad7ca99e26.18084873d18084873.d13b1fe2e5.pdf</a></p>	<p>Som fylkeskommune sitt styremedlem i Gulen og Masfjorden Utvikling AS vert peika ut:</p> <p>Audhild Schaathun .</p>	<p>Vedtaket er i samsvar med delegerings- og innstillingsreglementet sitt punkt 4.1 der det står at «Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte m.v. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l., er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg høyrer under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.»</p>

Hovudutval for opplæring	Vedtak	Vurdering
<p><b>Sak 22/18</b></p> <p><b>Overordna plan for rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale i vidaregåande opplæring 2018-2022</b></p> <p><a href="https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr22_2018-cat344489-mid108189_34c2ee3">https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr22_2018-cat344489-mid108189_34c2ee3</a></p>	<p>Overordna plan for rekruttering og kompetanseutvikling for pedagogisk personale i vidaregåande opplæring 2018-2022 vert godkjent slik den ligg føre i vedlegg 1.</p>	<p>Vedtaket er i samsvar med reglement for hovudutval for opplæring § 2 der det står «Hovudutvalet skal innafor sine fullmakter styre arbeidet med dei opplæringsspørsmål som fylkeskommunen gjennom lovverket er ansvarleg for, og med andre spørsmål som gjeld kompetanseheving og kompetanseformidling i fylket. - Utvalet skal arbeide for å sikre målstyring og effektiv oppfølging og kontroll av verksemda i sektoren innafor dei rammer som økonomi og kravet til rettstryggleik set.»</p>

[de9.18119987d18119987.32d863ca8d.pdf](#)  
f

**Sak 10/18**

**Etablering av kvalitetsutviklingsgrupper ved dei vidaregåande skulane**

[https://www.sfj.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr10\\_2018-cat344489-mid108187\\_b9bcd05555.18049994d18049994.e14f97510a.pdf](https://www.sfj.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr10_2018-cat344489-mid108187_b9bcd05555.18049994d18049994.e14f97510a.pdf)  
f

1. Det vert etablert ei prøveordning med kvalitetsutviklingsgrupper ved dei vidaregåandeskulane i etterkant av skulevurdering
2. Prøveordninga med kvalitetsutviklingsgrupper startar skuleåret 2018/2019 og skal evaluerast i 2020
3. Det skal utarbeidast eit eige mandat for arbeidet i kvalitetsutviklingsgruppene og krav til kven som skal sitje i dei
4. Finansieringa av kvalitetsutviklingsgruppene skal differensiert ut frå storleiken på skulane.
5. Løyvinga til kvalitetsutviklingsgruppene vert finansiert frå statlege restmidlar

Vedtaket er i samsvar med reglement for hovudutval for opplæring § 2 (sjå over).

**Sak 13/18**

**Lærling-situasjonen helsearbeidar-faget**

[https://www.sfj.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr13\\_2018-cat344489-mid108187\\_b9bcd05555.18050001d18050001.78ac12f85c.pdf](https://www.sfj.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr13_2018-cat344489-mid108187_b9bcd05555.18050001d18050001.78ac12f85c.pdf)  
f

Hovudutval for opplæring viser til møte og dialog mellom Fagopplæringsnemnda og Helse Førde gjeldande lærlings situasjonen i helsearbeidarfaget. Vi vil sterkt oppmode Helse Førde om å ta inn lærlingar i helsearbeidarfaget, og på denne måten bidra til å auke rekruttering av ei yrkesgruppe som det er stor trong for i framtida

Vedtaket er i samsvar med reglement for hovudutval for opplæring § 2 (sjå over).

Hovudutval for samferdsle	Vedtak	Vurdering
<p><b>Sak 2/18</b></p> <p><b>Søknad om finansieringsbidrag til Stad skipstunnel</b></p> <p><a href="https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr2_2018-cat344489-mid107797_b0efa9d52a.18026430d18026430.9327b028a1.pdf">https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr2_2018-cat344489-mid107797_b0efa9d52a.18026430d18026430.9327b028a1.pdf</a></p>	<p>1 Hovudutval for samferdsle yter eit tilskot på 150 000 kroner i 2018 til Måløy Vekst AS til arbeidet med å realisere Stad Skipstunnel.</p> <p>2 Tilskotet vert å finansiere på teneste 4005 t il disposisjon for utvala i 2018 .</p>	<p>Vedtaket er i samsvar med punkt 5.2.5 i budsjettreglementet der det står at «Hovudutvala får, for sin sektor, fullmakt til å disponere/fordele avsette utviklingsmidlar på teneste 4005 Til disposisjon for utvala.»</p>
<p><b>Sak 9/18</b></p> <p><b>Søknad om ruteløyve Flåm - Borgund stavkyrkje</b></p> <p><a href="https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr9_2018-cat344489-mid107800_a744ac59da.18048201d18048201.1350f5ce27.pdf">https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr9_2018-cat344489-mid107800_a744ac59da.18048201d18048201.1350f5ce27.pdf</a></p>	<p>Benjamin Rock får ruteløyve på strekninga Flåm – Borgund stavkyrkje etter desse vilkåra:</p> <p>a) Løyvet gjeld i 10 år frå 01.04.18 – 31.03.28.</p> <p>b) Krav til god vandel, tilfredsstillande økonomisk evne og tilstrekkeleg fagleg kompetanse skal vere oppfylt i samsvar med til ei kvar tid gjeldande regelverk.</p> <p>c) Endringar i takstar og rutetilbod skal godkjennast av Sogn og Fjordane fylkeskommune.</p> <p>d) Det skal årleg rapporterast tal passasjerar til fylkeskommunen.</p> <p>e) Turvognløyve i original og rettkjend kopi av ruteløyvet skal oppbevarast i bussen og visast fram ved ein eventuell kontroll.</p>	<p>Vedtaket er i samsvar med delegerings- og innstillingsreglementet punkt 5.35, underpunkt 2 der det står at hovudutval for samferdsle har mynde til å ta avgjerd etter § 6 til å gi løyve til persontransport med motorvogn i rute.</p> <p>Etter yrkestransportforskrifta § 5, kan løyvestyresmakta setje nærare vilkår for løyvet.</p>

f) Det er berre høve til å ta på passasjerar i Flåm, Aurland, Stegasteinen, Lærdal og Borgund stavkyrkje

**Sak 43/18**

**Tilrettelegging av drosjer for rullestol 2018**

[https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr43\\_2018-cat344489-mid107799\\_3bac495431.18144860d18144860.3e739157c8.pdf](https://www.sfi.no/ato/esa62/document/protokoll-saknr43_2018-cat344489-mid107799_3bac495431.18144860d18144860.3e739157c8.pdf)

Fylkeskommunen yter tilskot til 5 drosjeeigarar, kvar med 40% av søknadsbeløpet:

- A Ivar Eide Kr 60 000
- B Olav Lerum Kr 51 500
- C Siw Høgalmen Solheim Kr 14 500
- D Frank Larsen Kr 10 500
- E Norolv Kvamme Kr 59 500

Samla sum Kr 196 000

Vedtaket er i samsvar med § 3 i reglement for hovudutval for samferdsle der det står at hovudutvalet har mynde til å styre forvaltninga av budsjetterte midlar på eigen sektor. Dette gjeld mellom anna programområde 733 Tilrettelagd transport som det av saksutgreiinga går fram at blir nytta til tilskotet.

## 3. Konklusjon

Revisjonen har i sin stikkprøvegjennomgang ikkje funne avvik i dei vedtaka som er fatta i fylkesutvala og hovudutvala i 2018.

# Vedlegg 1: Høyringsuttale



Deloitte AS  
ved Kari Gåsemyr

Side 1 av 1

**Fylkesrådmannen**

**Sakshandsamar:**  
Signe Gudveig Rauboti  
E-post: [Signe.Gudveig.Rauboti@sfj.no](mailto:Signe.Gudveig.Rauboti@sfj.no)  
Tlf.: 92639736

**Vår ref.**  
Sak nr.: 19/4354-2  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt  
**Dykkar ref.**

**Dato**  
LEIKANGER, 13.05.2019

## Fråsegn frå fylkesrådmannen i samband med kontroll av møtebøker frå 2018

Eg viser til oversending av notatutkast frå Deloitte AS 06.05.2019. I notatet konkluderer revisor med at dei i sin stikkprøvegjennomgang av fylkes- og hovudutvalsvedtak i 2018 ikkje har funne avvik.

Eg har ikkje kommentarar til utkastet.

Med helsing

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*



Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NWE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's approximately 286,000 people make an impact that matters at [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no).